

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr
20191873Oppdragsnr
2019036

| Matrikkeletat | | | | |
|----------------|------|---------|--------|----------|
| Kommune | K.nr | Adresse | Postnr | Poststad |
| Meland kommune | 1256 | PB. 79 | 5906 | Frekhaug |

| Matrikkeleining | | | | | |
|-----------------|-----|-----|-----|-----|-------------------------------|
| Gateadresse | Gnr | Bnr | Fnr | Snr | Registrert eigar/festar |
| Holmeknappen 2 | 10 | 64 | 0 | 0 | Hjertås Terje (Hjemmelshaver) |

Om oppmålingsforretninga

| Forretninga avvikla: | Dato | Kl | Stad |
|-------------------------|------------|-------|--------------|
| | 01.11.2019 | 10.00 | På parsellen |

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining

Grunneigedom Festegrund Anleggseigedom Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn

Grensejustering Klarlegging av eksisterande grense Nymerking av eksisterande grense Registrering av ureg. jordsameige Matrikulering av umatrikulert grunn

Arealoverføring Anna

Forklaring
Arealoverføring av omlag 260 m2 frå 10/64 til 10/15.

| Saks- behandling | Løyvedato | Dato for fullstendig rekvisisjon | Pårekna dato for fullført matrikulering |
|----------------------------|------------|----------------------------------|---|
| | 08.10.2019 | | |
| Rekvirent Hjertås Terje | | | Rekvisisjonsdato 25.08.2019 |

Habilitet

Landmålaren sitt namn
Per Atle Sæle

Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.

Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? Nei Ja (jfr. vedlegg)

Varsling og oppmøte

Varslet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt frammøte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

Saksdokument - bakgrunn for forretninga

| | Forklaring | Journalpost nr | Vedlegg nr | Urelevant |
|--|------------|----------------|------------|-----------|
| Vedtak (tillatelse) etter pbl | | | | X |
| Rekvisisjon av oppmålingsforretning | | | | X |
| Varsel om oppmålingsforretning | | | | X |
| Konsesjonsdokument | | | | X |
| Servitutt | | | | X |
| Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter | | | | X |
| Avtaler | | | | X |

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

| Pkt.nr | Type merke | Status | Punkt godkj. av partane | Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.) | Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.) |
|--------|--|--------------------------------|-------------------------|--|--|
| 15-1 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell | Eksist. grense nedsatt på nytt | | | |
| 15-2 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell | Eksist. grense nedsatt på nytt | | | |
| 15-3 | Bolt Nedsatt i: Jordfast stein | Gjenfunnet og nymålt | | | |
| 15-4 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord | Nytt grensemerke | | | |
| 15-5 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell | Nytt grensemerke | | | |
| 15-6 | Steingjerde Nedsatt i: Ikke spesifisert | | | | |
| 15-7 | Steingjerde Nedsatt i: Ikke spesifisert | | | | |
| 15-8 | Stein med kors og vitner Nedsatt i: | Utgår | | | |
| 51-1 | Steingjerde Nedsatt i: | | | | |
| 13C | Kors Nedsatt i: Fjell | Gjenfunnet | | | |
| 13B | Kors Nedsatt i: Fjell | Gjenfunnet | | | |
| 13A | Kors Nedsatt i: Fjell | Gjenfunnet | | | |

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Meland kommune har 08.10.2019 godkjent arealoverføring av omlag 260 m² frå gnr 10 bnr 64 til gnr 10 bnr 15, administrativt vedtak saknr: 240/2019.

Oppmålingsforretning vart halde 01.11.2019. Ved forretninga møtte Terje Hjertås for 10/15 og 10/64, Arnold Tveit for 10/5, Per Kristian Holmetun for 10/220. I tillegg var Torleif Hjertås tilstades. Eigarar av 10/51 var også varsla, men møtte ikkje.

Arnold Tveit og Per Kristian Holmetun deltok berre i starten av møtet der det vart diskutert vegtrace for 10/15 over 10/64. Terje Hjertås ønskte å tinglysa vegrett for 10/15 over 10/64 langs grensa til 10/220. Grensa mellom 10/64 og 10/220 er fastlagt ved tidlegare kart- og oppmålingsforretning.

Gnr 10 bnr 15 vart etablert ved skylddelingsforretning i 1932. Det vart påvist to gamle krossar i fjell i grensa mot 10/2 og 10/12, grensepunkt 13C og 13B. I tillegg vart gamal kross i grensa mellom 10/12 og 10/64 påvist, grensepunkt 13A. I grensa mellom 10/15 og 10/64 rundt det gamle steinhuset vart det sett ned to nye grensemerker i fjell, grensepunkt 15-1 og 15-2 då dei gamle krossane ikkje vart funne. Vidare vart ein avknekt gjerdestolpe i nordaustre hjørne av 10/15 (grensepunkt 15-3) påvist og ein stein som kan vera merkesteinen i søraustlege hjørne av 10/15, grensepunkt 15-8 pånordsida av steingarden.

Grensa mellom 10/15 og 10/64 på den eine sida og 10/51 og 10/2 på den andre sida vart definert til å gå i ei rett linje frå gamal kross i fjell, grensepunkt 13C til sørvestre hjørne av 10/221 som er målt til midt steingard. Horisontal lengde på denne strekninga er målt til 65,85m.

Ved rekonstruksjon av grensene til 10/15 vart det oppdaga at grensa mellom 10/51 og 10/2 mot 10/15 låg feil i matrikkelkartet. I følgje skyldskiftet for 10/51 skal grensa for 10/51 følgja eit høgt bråtelag til ein kross i fjell ved oppført steingjerde. Denne krossen vart ikkje funne, men kommunen har målt inn enden av steingarden på toppen av bråtelaget, grensepunkt 51-1. Dette punktet ligg 6,35 m lenger vest enn den gamle grensa mellom 10/2 og 10/51. Grensa mot nord for 10/51 skal vera 62m i følgje skyldskiftet. Horisontal avstand etter rettinga er målt til 61,5m. Eigarar av 10/2 var ikkje varsla til forretninga men vil få informasjon om rettinga i etterkant.

Grensene for tilleggsarealet til 10/15 vart merka og målt. Det vart sett ned to nye grensemerker, grensepunkt 15-4 i jord og grensepunkt 15-5 i fjell. Grensa held fram 1,93m til umerka grensepunkt 15-6 i steingarden i grensa mot 10/51.

Tilleggsarealet er oppmålt og utrekna til 277,4 m². Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og Leica 1205+ totalstasjon. Målingane tilfredsstiller krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden.

Når arealoverføringa er tinglyst, skriv kommunen ut nye matrikkelbrev for 10/15 og 10/64.

I samsvar med matrikkelova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Sted

Frekhaug

Dato

06.11.2019

Underskrift



| Vedlegg (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga) | | | | |
|--|--|------------|-----------------|-------------|
| Relevant | Dokumenttype | Forklaring | Journalpost nr. | Vedlegg nr. |
| | Partsliste | | | |
| | Beregningsdokumentasjon | | | |
| | Fullmakt | | | |
| | Avtaler | | | |
| | Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte) | | | |
| | Arealregnskap | | | |
| | Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering | | | |
| | Partspåstander | | | |
| | Forlik/voldgift | | | |
| | Kartvedlegg til protokoll | | | |